

Trafikksikringsplan for Hjertholm Skule

22.10.2018




HJERTESONE
TRYGGARE SKULEVEG



5.1 Skuleinformasjon

Hjertholm skule
Hjertevegen 95
5020 Hjertvik

Hjertholm skule er ein barneskule i Hjerterom bydel i Hjertvik kommune. Skulen har 702 elevar fordelt på 1. - 7. trinn og 120 tilsette i skuleåret 2018/2019. Mange av skulen sine elevar bur i skulen sitt nærrområde, medan nokre har behov for skuleskyss med buss.




5.2 Trafikksituasjon

- Fylkesveg 100, Nedrevegen, går like forbi
- Skulen har tilkomst via eit T-kryss i Nedrevegen
- I tilknytning til krysset er det signalregulert overgang i plan
- Hjertevegen har 30-sone skilta frå og med krysset Nedrevegen/Hjertevegen og opp til skulen
- Veggen opp til skulen har fartshumpar som fartsdempande tiltak
- Det er anlagt éi busslomme på kvar side av Hjertevegen
- Det ein parkeringsplass tilknytt skulen på kvar side av Hjertevegen, til saman to
- Lærarparkeringa er på den sørlege parkeringsplassen
- På sørsida av Hjertevegen er det fortau heilt frå krysset til Nedrevegen og heilt opp til hovudinngangen, medan fortau på nordsida av vegen først startar etter parkeringsplassen
- Hjertevegen er ein blindveg, men lenger inne i vegen ligg det ein barnehage og eit byggefelt
- Ein tidlegare snuplass for buss vil fungere som skulen si droppsone
- Det er laga ein gangveg frå Hjertdalen som mange av skulebarna nyttar seg av. I kryssingspunktet ved skulen er det uoversiktleg og ikkje skilta fotgjengarovergang, samt dårleg belysning
- Sykkelparkeringa ligg i tilknytning til hovudinngangen

Kritiske punkt er:

1. Høg grad av foreldrekøyring som bidrar til unødig mykje biltrafikk rundt skulestart
2. Barn som kjem gåande frå snarvegen og må krysse bilvegen utan overgangsfelt
3. Dårlig belysning ved kryssingspunkt
4. Smalt fortau - elevane går i vegbana
5. Turparkering i vegkanten - elevane går i vegbana
6. Parkerte bilar i droppsone (der det berre skal vere av- og påstiging)
7. Lokale bilistar som parkerer langs Hjertevegen for å reise kollektivt til jobb
8. For få personalparkeringsplassar, noko som fører til at lærarane parkerer på fellesparkeringa som er tiltenkt besøkande, drosjar, og dei som av ulike årsaker må parkere bilen og følge elevane inn



5.3 Hjertesone


Hjertholm skule ønsker at flest mogeleg av elevane går eller sykklar til skulen. Saman med FAU har skulen sett seg eit mål om minst mogeleg biltrafikk til og frå skulen og skulen er tydeleg på å formidle målet om at alle som ikkje må ha skuleskyss skal gå eller sykle til skulen. Skulen legg til rette for at det blir danna gågrupper, slik at alle har følgje til og frå skulen, dei yngste saman med ein vaksen. Dei fleste elevane har trygg nok skuleveg til å kunne bruke beina eller sykkelen. Dei elevane som bur utsett til i form av lang eller utrygg skuleveg får anten skuleskyss eller blir køyrd av føresette. Dei som bur eller leverer barn i barnehagen innerst i Hjertevegen må ha tilkomst forbi skulen.

I og med at skulen ligg i ein blindveg er det ikkje høve til å opprette ei bilfri sone reint bokstavleg. Dei som bur eller leverer barn i barnehagen innerst i Hjertevegen må ha tilkomst forbi skulen. Det vi derimot kan gjere er å avgrense foreldrekøyninga, slik at det ikkje er unødvendig mykje bilar rundt skuleporten, spesielt om morgonen ved skulestart. Det gjer det risikabelt både for dei barna som går til skulen og dei som blir sleppt av, å manøvrere mellom parkerte, køyrande og ryggande bilar. På ettermiddagen har dei ulike klassane forskjellige sluttidspunkt. I tillegg går nokre av barna direkte heim etter skuleslutt, medan andre er på SFO. Hentinga der er spreidd utover eit større tidsrom, noko som fører til at den verste opphopinga av bilar vert unngått ved eventuell henting.

Det ligg elles mykje godt til rette for ei hjertesone ved Hjertholm skule. I tillegg til gode alternativ for henting og levering, er det rundt skulen godt tilrettelagt med fotgjengarfelt og generell belysning (med unntak av eitt punkt) og eit brukbart tilbod om fortau og gangvegar og gode parkeringshøve, samt fartsdemparar både på fylkesvegen og på Hjertevegen. Skulen har inngått ein avtale med nærbutikken Kiwi med løyve om å bruke parkeringsplassen der til henting og levering. Likevel er det framleis fleire risikopunkt vi ønsker å utbetre. Desse er spelt inn til vegeigar, og medan vi ventar på handsaming der, jobbar vi aktivt med dei interne tiltaka nemnt over. Vi har òg søkt om få utvide sykkelparkeringa, samt få etablert stativ for sparkesykkel. Det er også løyvd fylkeskommunale midlar til utbetring av busslomme og gang- og sykkelveg på fylkesveg 100 like ved skulen. Dette er eit større fysisk tiltak, men vil betra høva både for dei som kjem med skuleskyss og dei som går og sykklar forbi busslomma.

(Sjå illustrasjon på neste side).





Hjertesona markert i grønt, droppsona i gult

Skulen har i samarbeid med trafikkgruppa i FAU og elevråd definert hjertesona for Hjertholm skule, merka grønt i kartet. Det naturleg å ha hjertesona ved skuleporten. Det er her vi ynskjer å avgrensa biltrafikken mest mogleg, med unntak av det som skulle vere av tilrettelagt transport for elevar med særskilte behov, mjølkebil, bosbil med meir. Det betyr altså at det ikkje er ønskeleg med foreldrekyring føre skuleporten.

Henting og levering skal skje ved i droppsona og ved Kiwi, merka gult i kartet. Skulen vil følgje opp dette gjennom med trafikkvaktar plassert i området ved Hjertesona, samt med informasjon ved skulestart og foreldremøte i laupet av skuleåret. Vi vil også lage ein informasjonsfaldar til foreldre, som presenterer brotstykke frå denne planen på ein meir lettforståeleg måte, saman med trafikkvettreglane for Hjertholm skule. Denne faldaren deler vi ut ved skulestart saman med annan informasjon.

Skulen har laga avtalar med renoveringselskapet, meieriet og anna varelevering om henting og tømning utelukkande i elevane si inne-tid. Sjølv hjertesona vil ved Hjertholm bli markert med skilt på skuleporten og eit trykk i asfalten, samt droppsoneskiilt i droppsona. Etableringa av hjertesona, utforming av trafikksikringsplan og arbeid med dette har skjedd i tett dialog med Trygg Trafikk.



5.4 Å gå til skulen

Skulen ønsker at dei som har høve til å gå, kjem som fotgjengarar. Det reduserer trafikktrykket kring skuleområdet og gjer nærmiljøet vårt meir trafikksikkert. Samtidig er det fint for barna med fysisk aktivitet sosialisering, og frisk luft før skuledagen. Det er likevel viktig at både vi på skulen og foreldra snakkar om trafikk som tema med barna før dei går åleine. Til dømes er det kryssingspunkt i området vårt med og utan gangfelt, og desse kan utgjere ein risiko for barna våre. Elevar bør ha ein god del trafikktraining før dei kryssar vegen åleine. Fleire av kryssingspunkta er uoversiktlege. Det er mykje å tenke på, med bilar som kan kome frå sentrum, Hjertdal og Hjertnes. Barn på første og andre trinn bør difor ikkje krysse vegen her åleine og utan trening. Foreldre som ønsker å sende barna gåande bør difor gå skulevegen saman med borna, vise dei trygge ruteval og legge vekt på kva ein må sjå etter og når ein kan gå over vegen. Det same gjeld kryssing ved Kiwi, der det ikkje er gangfelt. Gangfelta ved parkeringsplassen og ved avkøyring mot Øvrevegen er mykje brukt. Det er likevel viktig å hugse at fotgjengarfelt i utgangspunktet er eit framkomstiltak og kan vere ein falsk tryggleik. Det er viktig at barna stoppar ved gangfeltet og opprettar augekontakt med bilførarane. Når bilane har stoppa heilt kan barna krysse. Dette er ei treningssak som foreldra bør fokusere på saman med barna gjennom å gå saman og øve på skulevegen. Skulen skal òg legge vekt på dette gjennom turar, ekskursjonar og opplæring (Gåprøven).

Det er etablert fleire gågrupper for elevane, som særskilt i starten av skuleåret har følge av vaksne. Foreldra organiserer denne følgjeordninga og den går på rundgang i nabolaget. På denne måten sikrar vi at ingen går åleine.

Skulen planlegg, i samråd med FAU, å gjennomføre opplæringsmateriellet til Trygg Trafikk og «Gåprøven». Skulen vil ha dette inn på årsplanen for 1. trinn. Kvar haust arrangerer skulen gå til skulen-aksjon, der klassane konkurrerer mot kvarandre. Neste haust planlegg vi også å melde oss på den nasjonale Beintøft-aksjonen.



5.5 Å sykle til skulen

«Skulen gir, i samarbeid med FAU, tilrådingar til føresette om sykling til skulen.»

Trafikksikker skule

Trygg Trafikk tilrår at born bør vere fylt 10-12 år, samt at dei har gjennomgått sykkelopplæring over tid før dei kan sykle åleine i blanda trafikk. Hjertholm skule og trafikkgruppa i FAU er einige om å følge tilrådingane frå Trygg Trafikk når det gjeld sykling. Når det kjem til trafikale utfordringar for syklende, er desse mykje like dei som er skissert for gåande. Det er store variasjonar for elevane, der nokon har tilgang på gang- og sykkelveg, mens andre har smale fortau. Det er òg fleire kryssingspunkt i nærområdet kring skulen som kan by på utfordringar og slik sett utgjere ein risiko for elevane våre. I tillegg held ein høgare fart som syklende enn gåande, noko som aukar risikoen for ein kollisjon eller ei eineulykke. Skulen ønsker difor at foreldre sykklar saman med barna sine før dei får sykle åleine. Det finst også materiell med tips om korleis ein kan gå fram når det kjem til å sykla saman til skulen, sjå til dømes rettleiaren [Sykling på skoleveien - Trygt frem og hjem](#) som er utarbeidd av Trygg Trafikk. Foreldre kan gjerne sykle saman med barna til skulen før dei er fylt 10 år, noko som vil gi god trafikal trening og erfaring, men igjen oppmodar vi om at barna ikkje får sykla *åleine* før dei er fylt 10 år. Hjertholm skule øver også på relevante kunnskapar og ferdigheiter gjennom turar, ekskursjonar og gjennom trafikkopplæring. Eitt døme på dette er gjennomført teoretisk og praktisk sykkelprøve, som står på agendaen ved utgangen av 4. klasse.

Dei som kjem på sykkel har tilgang på sykkelparkering under tak. Vi håpar òg å få gjennomslag for parkering for sparkesykkel.



5.6 Utflukter - rutinar for sikkerheit på tur

«Skulen har utarbeida rutinar for å ivareta tryggleiken på turar til fots, på sykkel, i bil/buss og med kollektivtransport i regi av skulen.»

Trafikksikker skule

Når skulen skal på utflukter er det behov for andre rutinar enn inne på skulen sine egne område. I forkant av turane har vi krav om risikovurdering. Til dette har vi eige skjema. På alle turar er det alltid minimum to lærarar med. Vaksendekninga vert alltid diskutert med avdelingsleiar i forkant av turen, éin blir utnemnd som turansvarleg. Denne har ansvar for elevoppteljing på stoppa undervegs, samt å ha med mobiltelefon, elevlister med telefonnummer til føresette, elevmedisinar og førstehjelpsmappe.

Rutinar for åtfærd i trafikken blir gjennomgått (repetert) i klasserommet før kvar tur. God trafikksåtfærd er ein føresetnad for å kunne dra på turar.

Fotturar

På småskuletrinnet har elevane jamleg uteskule. Då er dei ofte ute i trafikkerte område og trafikksikker åtfærd er eit integrert tema på desse utfluktene. Elles er det sporadiske turar på alle trinna. Elevane går to og to på rekke. Ein vaksen går i front, (i midten) og bakarst. Dei vaksne skal vere godt synlege med refleksvestar.

Sykkelturar

Elevane sykklar éin og éin på rekke med ein vaksen fremst, (i midten) og bakarst. Dei vaksne skal ha refleksvest. Alle, både vaksne og barn, skal ha hjelm og ein sykkel som tilfredsstillar fungerande krav: to bremsar, lys framme og bak, refleksar, ringeklokke, smørjing og trygge dekk. Dei føresette er ansvarlege for at eleven sin sykkel tilfredsstillar krava. Før kryssing av veg skal elevane stoppe, gå av sykkelen og leie den over vegen. Ved sykling på fortau/gang- og sykkelveg skal elevane ferdast med ein fart som tar hand om dei gåande.

Kollektivtransport

På turar med offentleg transport skal dei vaksne ha oversikt over elevane og kunne gripe inn ved behov. Elevane skal stå roleg på haldeplassen medan vi ventar. På buss eller bane skal elevane halde seg på plassen sin, og bruke sikkerheitsbelte der dette er montert.



Læraren sine ansvarsoppgåver:

- o Informere elevane om korleis dei skal oppføre seg på stoppestad og om bord i buss/bane
- o Ha full oversikt over avreisetidspunkt, reisemål og tidspunkt for retur
- o Sjå til at tidspunkta blir haldne, og at elevane held seg samla
- o Passe på at elevane held seg på plassen sin og bruker sikkerheitsbelte under heile turen
- o Plassere seg slik i bussen at du har oversikt over elevane, og kan gripe inn ved avvikande åtfærd
- o Ta ein runde i bussen etter at elevane har gått av for å ta deg av attgløynde gjenstandar, boss, med meir
- o Hjelpe elevane/sjåføren med lasting/lossing av bagasje

Eleven sine ansvarsoppgåver:


- o Vere presis, både ved avreise og retur.
- o Stå i ro på haldeplassen
- o Gå roleg inn i bussen eller på banen, sette seg i setet og spenne på seg sikkerheitsbeltet der det er montert
- o Sitte i ro under heile turen
- o Bruke «innestemme»
- o Ikkje ete eller drikke i bussen eller på banen
- o Sjekke at ein får med seg alle eigendelane sine (inkludert boss) før avstiging
- o Sjå seg godt for dersom ein skal krysse vegen/sporet etter avstiging

Bruk av privatbilar

- o Dersom elevar skal fraktast i privatbil, skal det føreligge føre skriftleg samtykke frå heimen
- o Bileigar skal skriftleg stadfeste at bilen er i forskriftsmessig stand, og at sjåføren er skikka
- o Alle skal bruke sikkerheitsbelte

Ved eventuelle skadar:

- o Alternativt vert det nytta taxi til legevakt, viss det ikkje er mogeleg å få kontakt med føresette
 - o Telefonnummer legevaktsentral: 116117
 - o Ved alvorlege skadar: Ring 113
- Ved eventuelle skadar skal skulen sin kriseplan nyttast.



5.7 Trafikkopplæring

«Skulen har integrert trafikkopplæring i lokal læreplan/årsplan i tråd med Kunnskapsløftet sine kompetansemål.»

Trafikksikker skule

I Kunnskapsløftet er trafikkopplæring obligatorisk for barne- og ungdomsskulen. Alle born skal få felles, kontinuerleg og god trafikkopplæring. Dette må følgast opp av kvar enkelt skule, noko som betyr at alle skular skal utarbeide læreplanar for temaet.

Kunnskapsløftet seier følgande:

1 - 4. trinn: Etter 4. trinn skal elevane kunne følge trafikkreglar for fotgjengarar og syklistar.

5 - 7. trinn: Etter 7. årssteg skal elevane kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel. På Hjertholm skule blir både ordensreglar og trafikkreglar gjennomgått ved skulestart.

Trafikkopplæringa for dei yngste trinna er knytt til uteskulen, og for alle trinn på alle turar ut av skuleområdet, samt gåprøven på 1. trinn og sykkelopplæring på 4. trinn.

Trafikkundervisninga er lagt inn i skulen sitt årshjul, og integrert i dei faga som passar for kvart trinn. Sjå punkta under.

o Trafikkveke i førsteklasse, med gåprøven som ein del av årsplanen

o Sykkelopplæring i fjerdeklasse, med sykkelprøven som ein del av årsplanen

o Årleg gå-til-skulen-aksjon, ved FAU

o Årleg refleksaksjon (konkurranse) om hausten, ved FAU

Hjertholm skule baserer seg elles på rettleiing frå Trygg Trafikk via nettsidene, særleg under desse emna:

<https://www.tryggtrafikk.no/skole/1-3-trinn/>

<https://www.tryggtrafikk.no/skole/4-7-trinn/>

<https://www.tryggtrafikk.no/skole/laerere-og-foreldre/>



5.8 Rutinar

«Skulen har gode rutinar for at planane vert følgde av dei tilsette.»

Trafikksikker skule

Ein tilsett i skuleleiinga har som oppgåve å gjennomgå rutinehandboka ved skulestart kvar haust. Skulen sin trafikksikringsplan inngår i denne handboka. Alle nytilsette skal settast inn i rutine og trafikksikringsplanen. Planen blir revidert årleg.

Trafikkale, kritiske punkt blir registrerte saman med andre risikopunkt i HMS-arbeidet. Personale med inspeksjonsoppgåver har instruks om å følge med på varelevering, bossbil, med meir. Skulen har gjort avtale om at desse kjem inn på skuleområdet berre når elevane er inne i time.

Utdrag frå rutinehandboka, kapittel om trafikktryggleik:

o Informasjonspunkt på førstetrinnsmøte om våren:

- Utlevering av informasjonsheftet Trygg skuleveg til Hjertholm skule med informasjon og trafikkvettreglar til alle nye foreldre (1. trinn)
- Innføring i trafikksikringsplanen
- Skildring av skulen sine rutinar og haldningar i forhold til foreldrekøyring, av- og påstiging, parkering og liknande

o Trafikktryggleik er årleg tema på foreldremøte, i FAU og SMU/SU

o FAU har eigen trafikkgruppe

o Trafikksikringsplanen er fast punkt på programmet i elevrådet

o Skulen har ein trafikkansvarleg lærar som leiår trafikktema på møte, samt fungerer som kontaktperson mellom skulen og FAU

o Skulen har trafikkvakt (morgonvakta) som står ved porten ved skulestart

o Alle klassar gjennomgår trafikkreglane ved skulestart om hausten og repeterer før ferdsel ute i trafikken

o Førsteklasse har refleksvestar på ute i alle friminutt og ved aktivitetar utanfor skulen

o Alle vaksne har refleksvest på seg på turar

o Skulen har buss- og taxivakter som følgjer elevane ved skuleslutt



5.9 Foreldresamarbeid

«Skulen sin læreplan for trafikk er eit årleg tema på foreldremøte.»

«Foreldre vert involverte i skulen sitt trafikktryggleiksarbeid, til dømes gjennom Foreldrenes arbeidsutvalg (FAU).»

Trafikksikker skule

Skulen ønsker eit godt foreldresamarbeid rundt elevane sitt læringsmiljø. Ein del av læringsmiljøet er også skulevegen, skuleområdet og skulen sitt nærmiljø. Trafikk som tema vert teke opp ved skulestart og som gjennomgåande tema på foreldremøte i løpet av året. FAU har også vore med på å drøfte og avgjere skulen sine tilrådingar når det kjem til tilrådd alder for å sykle åleine til og frå skulen.

Ved Hjertholm skule har FAU eiga trafikkgruppe og samarbeider tett med skulen gjennom samarbeidsutvalet og i foreldremøte.

Hjertesone, trafikkreglar og skulen sine trafikkrutinar er faste tema på foreldremøte kvar haust med desse fokusområda:

- Gågrupper
- Tilråding for sykling til skulen
- Skuleskyss
- Foreldrekyring - parkering, av- og påstiging
- Foreldre som rollemodellar
- Rutinar for turar
- Bruk av sikringsutstyr

Ein ansvarleg på førstetrinnet får ansvar for å få i gong arbeidet med å danne gågupper.

Trafikkgruppa i FAU gjennomfører trafikkaksjon tre gongar årleg, der målet med aksjonen er å bevisstgjere foreldre som køyrer barna til skulen om at trafikkvettreglane og skulen sine retningsliner blir følgd, samt å sjå til at droppsona og parkeringssoner fungerer som tiltenkt. FAU bruker eigne refleksvestar merka «trafikkvakt». Dersom foreldre bryt intensjonen med sonene eller trafikkvettreglane vil dei få tilsnakk av trafikkvaktene, men med ei hyggeleg tilnærming. Politiet er alltid invitert til å delta på trafikkaksjonane.

Om hausten får alle elevane utdelt refleks. På refleksaksjonen seinare på hausten er det refleksteljing og premie til beste klasse.

FAU sine trafikkvettreglar for føresette er saman med Trygg Trafikk si brosjyre om Hjertesone gjort tilgjengelege på skulen sine nettsider.

